

RAPPORT FRÅ TYNNINGSFISKE I STORAVATNET 2007.

Flyterusa:

Rusa stod ute frå 2006 til ho vart tatt opp 21.01. på grunn av is. Nokre få røye gjekk i etter årsskiftet og gjennomsnittsvakta var ca 100 g.

Sette rusa ut att 02.04. Vart plassert langsetter vatnet litt nord for Gripavika. Fangsten var bra med ca 200 fisk i veka dei 3 første vekene. Seinare vart det noko mindre og utetter sommaren berre 8 – 10 fiskar i veka. I byrjinga av september måtte rusa flyttast då iletuet til ledegarnet slitna. Ledegarnet vart då sett ut frå land, men ca 50 meter frå land. Rusa vart tatt opp 08.12. I slutten av oktober vart det oppdaga ”lekkasje” mellom nokre ringar i enden på rusa. Ein del av plaststripsa hadde slitna og truleg har ein del fisk gått ut desse hola før dei kom inn i siste fangstrommet.

Fangst: Røye: 1141 (90 kg). Aure: 684. Ål: 49.

Registrerte kondisjonsfaktoren (og gjennomsnittsvekt) ca ein gong per måned med fylgjande resultat:

<u>09.04.</u>	<u>11.05.</u>	<u>20.06.</u>	<u>19.07.</u>	<u>06.08.</u>	<u>30.08.</u>	<u>29.09.</u>
0,70 (90 g)	0,69 (80 g)	0,81 (107 g)	0,87 (126 g)	0,91 (119 g)	0,91 (138 g)	0,95 (129 g)
<u>20.10.</u>	<u>17.11.</u>					
(120 g)	0,86 (110 g) (Etter gyting.)					

Kondisjonsfaktoren var altså høgast i september.

Flytegarn:

Brukte 6 eller 7 flytegarn 4 døger i slutten av juni, 4 døger i midten på juli, 13.08. - 19.08., 01.10. – 08.10. 16 garn i tida 04.11. – 10.11.

Fangst: Røye: 5144 (614 kg). Aure: 596. Ål:

Gjennomsnittsvekt: 27.06.: 112 g, 19.07.: 113 g, 19.08.: 123 g, 02.10.: 124 g, 07.11.: 115 g.

I august var det klart best fiske. Overraskande godt var det 18. og 19. då det til saman var 815 røye på dei 7 garna.

Garn på botn langs land:

Brukte 4 vanlege botngarn og eitt flytegarn på botn i tida 05.11. – 23.11. (40 garndøger).

Fangst: Røye: 808 (96 kg). Aure: 131.

Den 23.11. var det lite fisk og stort sett slutt på gytinga.

Samla fangst: Røye: 7093 (800 kg). Aure: 1411. Ål: 53.

Dersom nokon vil ha kopi av ulike fangstskjema for å få meir detaljerte opplysningar, kan de ta kontakt med meg.

Frekhaug 25.01.08.

Arnt Brakstad